

## **Til foreldra til elevane i 3. og 4. klasse**

Vel møtt til nytt skuleår. Det vert spennande både for elevar, foreldre og lærarar. Ein klasse opp gjev nye forventningar og utfordringar. For å meistra det nye året, er det viktig at ein hjelper kvarandre så godt ein kan. Den viktigaste oppgåva vert å få elevane til å gå godt i lag med kvarandre. Ordensreglane som gjeld for skulen vert her ein viktig reiskap. Dei står i Informasjons – heftet som elevane får med seg heim. Ber om at de snakkar med ungane dykkar om kva reglar som gjeld for skulen, og korleis ein skal forholda seg til dei.

Elevane vil få lekseplanar som gjeld for to veker om gongen. Kvar onsdag vert det uteskule ein eller annan stad i nærområdet. Då er det viktig at elevane er godt nok kledde, og at dei har med seg det dei skal.

Er det ting de lurer på, må de ta kontakt med skulen.

Mvh. Oddvar Stang (kontaktlærar)